



DOVRE KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/119-27

Saksbehandler: Kari Bentsdal

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2024/25	04.06.2024	Plan-, nærings- og utviklingsutvalget

Gnr/bnr 8/53 - Detaljregulering for Norwegian Hydrogen NH2 - Dombås - 1.gangsbehandling

Vedlegg

- 1 Planinitiativ - Detaljregulering NH2 07.02.2023.pdf
- 2 Plankart A3 Plangrense.pdf
- 3 2023.03.13_ Oppstartsmøte Norwegian Hydrogen - referat
- 4 Planprogram - Detaljregulering NH2 Dombås - vedtatt 12.09.2023
- 5 Detaljregulering for NH2 Dombås - komplett planforslag til førstegangsbehandling
- 6 Bestemmelser Detaljregulering NH2 Dombås .pdf
- 7 Konsekvensutredning Detaljregulering NH2 Dombås .pdf
- 8 Merknadsskjema Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 9 Notat forurenset grunn Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 10 OVA notat Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 11 Planbeskrivelse Detaljregulering NH2 Dombås .pdf
- 12 Plankart Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 13 Rapport geoteknikk Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 14 ROS-analyse Detaljregulering NH2 Dombås .pdf
- 15 Støy Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 16 Trafikkanalyse Detaljregulering NH2 Dombås.pdf
- 17 Risikoanalyse for hydrogenproduksjon QRA_Detaljregulering NH2 Dombås

Saksutredning:

HRP AS har på vegne av Norwegian Hydrogen ASA utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for hydrogen fyllstasjon og produksjonsanlegg på næringsseigedom med gnr. 8/ bnr. 53 sør i Dombås.

Norwegian Hydrogen AS sendte i februar 2023 planinitiativ til kommunen, med ønske å starte ein planprosess for å legge til rette for etablering av produksjon, lagring og fyllstasjonar for hydrogen som drivstoff på Dombås. HRP AS er plankonsulent. Planinitiativet er lagt ved saken.

I følge Brønnøysundregisteret er føremålet til regulanten og foretaket Norwegian Hydrogen AS (**NH**);


produksjon av hydrogen ved bruk av fornybare energikilder og annen virksomhet som står i forbindelse med dette, samt deltagelse i andre selskaper med lignende formål.

Underselskapet til **NH, Vireon AS**, er involvert i planarbeidet. Føremålet til Vireon er ifølge Brønnøysundregisteret å;

utvikle, eie og drive infrastruktur for levering av hydrogen til kunder og annen virksomhet som står i forhold til dette.

Lokalitet


Planområdet er sør i Dombås sentrum langs E6 på gnr. 8/bnr. 53.



Kart 1 viser plassering av planområdet sør i Dombås sentrum.

Planavgrensing

Planavgrensinga inneheld to vertikalnivå: ein for utbyggingsområdet og ein for faresone hensynssone rundt hydrogenanlegget.



Kart 2 viser planavgrensing i to nivå. Hensynssone er skravert med raudt, medan planavgrensing er vist med svart avgrensingsline.

Oppstart

oppstartsmøte mellom kommunen, forslagsstillar og plankonsulent blei gjennomført den 13. mars 2023. I møte gav kommunen føringar for kva utgreiingar som det er forventa blir gjort i planarbeidet og kva tema det er viktig blir teke omsyn til. Referatet frå oppstartsmøtet er lagt ved saken. Følgande blei m.a. trekt fram av Dovre kommune som viktig:

Forslag til detaljreguleringsplan vil ikkje vera heilt i samsvar med gjeldande kommunedelplan for Dombås, kva gjeld reguleringsformål. I KDP er området avsett til formål Erverv (E13) og offentlig formål (O11).

Kommunen har gjort følgande foreløpige vurdering, som viser at planforslaget kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn:

- *Reguleringsformål vil ikkje vera i samsvar med overordna KDP for Dombås.*
- *Tiltaket vil kunne kategoriserast som strømkrevjande industri*
- *Det vil kunne bli auka fare for alvorleg ulykke; eksplosjons- og brannfare.*
- *Tiltaket vi kunne påverke det verdifulle kulturlandskapet på Dombåshaugen.*
- *Det kan vera fare for forureining i form av støy/ uønskt lydbilde.*

Den samla verknaden, tiltakets samla intensitet og kompleksitet, kan bli av eit slik omfang at dette bør bli utreda, saman med moglegheit for å begrense denne verknaden.

Tema for konsekvensvurdering/-utgreiing

- *Naturmangfald*
- *Økosystemtjenester*
- *Nasjonale og internasjonale miljømål*
- *Naturressursar og landbruk*
- *Kulturminner og –miljø*
- *Friluftsliv og nærmiljø/ forhold til naboar*
- *Landskapsbilde*
- *Forureining (inkl. forureining av vann og grunn, støy, støv)*
- *Overflatevatn og flaumfare*
- *Transportbehov, veg/trafikkforhold inkl. avkøyringar*
- *Energibruk, energiløysingar og restprodukt*
- *Infrastruktur*
- *Beredskap og ulykkesrisiko (restverdiar frå ROS)*
- *Andre restverdiar frå ROS, = det ein ikkje kan prosjektere seg bort frå).*

Stadtilpassing og estetiske retningslinjer/forhold:

Følgande er viktig å ta omsyn til i særleg grad:

- *Bestemmelser i KDP for Dombås*
- *Det verdifulle kulturlandskapet på Dombåshaugen*
- *Verknad ved innkøyring til Dombås.*
- *Verknad langs Blæstervegen, fv. 2660.*
- *Rapporten Dombås - en knute på tråden: bensinstasjoner, lokalisering og utforming iht retningslinjer (1996).*

Det blei varsla oppstart av planarbeidet i Vigga og på kommunen si nettside. Brev med melding om oppstart blei sendt til alle involverte partar, inkludert offentlege instansar.

Følgande kom med merknader til oppstart:

1. Mattilsynet
2. Bane NOR SF
3. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap
4. Statens vegvesen
5. NVE
6. Norsk Luftambulans
7. Nye Veier
8. Statsforvaltaren i Innlandet
9. Innlandet fylkeskommune
10. Luftfartstilsynet
11. Lena og Oddvar Lia

Merknader til oppstart er samla og kommentert i vedtatt planprogram og i eige notat, og lagt ved dette saksframlegget.

Planstatus og krav til utgreiing (KU og Planprogram)

Eigendommen er i gjeldande reguleringsplan, Reguleringsplan for Dombås sentrum (1997), regulert til brannstasjon og bensinstasjon (BE4)/forretning (F10) og FL1 – framtidig trase for E6.

Planområdet er avsett til erverv - bensinstasjon (E12) og offentlig bebyggelse (O11) i Kommunedelplan for Dombås (2009).

Frå plan- og bygningslova, §4-2, planbeskrivelse (planomtale) og konsekvensutgreiing:

Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.

For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.

...

Etter gjennomgang av aktuelle forhold i *Forskrift for konsekvensutredning (KU forskrifta)*, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>, konkluderte kommunen med at tiltaket er konsekvensutredningspliktig, da i fyrste rekke fordi anlegget skal produsere og lagre eksplosjonsfarlige stoff, jf. *vedlegg 2 punkt. 3 c) og punkt 6 a) og c)*, og konsekvenser for *befolkningens helse etter kapittel 3 § 10, bokstav f)*.

Tidleg i arbeidet med plansaken konkluderte kommunen, at det ikkje ville vera krav til planprogram. Etter innspel frå Statsforvaltaren i Innlandet og korrespondanse med Miljødirektoratet, kom ein seinare fram til at tiltaket utløyste krav til planprogram etter KU forskrifta vedlegg I pkt. 6b og følgeleg av KU-forskrifta § 6.

Frå KU forskrifta vedlegg I, pkt. 6b:

Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutredning:

6. Integrerte kjemiske installasjoner, dvs. anlegg for fremstilling i industriell målestokk av stoffer ved hjelp av kjemiske omdanningsprosesser, der flere enheter ligger ved siden av hverandre og funksjonelt sett hører sammen, og som er beregnet på:

- a) ..*
- b) Fremstilling av uorganiske basiskjemikalier*
- c) ..*
- d) ..*
- e) ..*
- f) ..*

Planprogram

Utkast til planprogrammet blei utarbeidd av HRP AS i tett dialog med kommuneadministrasjonen og etter plan- og bygningsloven § 4-1 og etter krav i konsekvensutredningsforskrifta §14. Frå plan- og bygningslova, §4-1, planprogram:

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

....

Forlaget til planprogram blei lagt ut på høring, med 6 vekers frist for å kome med innspel. Følgande kom med innspel til forslag til planprogram:

1. Mattilsynet
2. Statens vegvesen
3. Norsk Luftambulans
4. Nye Veier
5. Statsforvaltaren i Innlandet
6. Innlandet fylkeskommune
7. Luftfartstilsynet

Kommuneadministrasjonen overtok utkastet til planprogramm og utarbeidde saksframlegg for politisk vedtak i PNU utvalet. Planprogrammet blei der vedtatt den 12.09.2023 og deretter gjort kjent for offentlege instansar og dei som kom med innspel, samt lagt ut på kommunen si heimeside. Innspela til utkast til planprogram er referert til i saksframlegg med vedtak til planprogram, der det også blir gjort greie for korleis dei er vurdert og ivaretatt.

Det kom ingen klager på dette vedtaket i PNU utvalet. Vedtatt planprogram er lagt ved saken.

Planprogrammet inneholdt følgende kapitler, som møter krav stilt i plan- og bygningslova:

1. Beskrivelse (inkl. lokalisering, planavgrensning, og eks forhold)
2. Formål med planarbeidet
3. Planområdet og virkninger utenfor planområdet
4. Øvrige rammer og premisser
5. Planlagt utbygging, anlegg og tiltak
6. Planprosess og medvirkning
7. Forhold til og vurdering etter forskrift om konsekvensutredning
8. Utredningsbehov og aktuelle problemstillinger
9. Utredningsmetodikk

Planforslag

Dovre kommune mottok planforslag fra regulanten i starten av april 2024. I løpet av denne månaden heldt regulanten et orienteringsmøte for administrasjonen i Dovre kommune på Teams og deretter et eget orienteringsmøte for PNU utvalet i kommunestyresalen på Båtsto.

Følgende dokument inngår som del av planforslaget (dokumenta er lagt ved dette saksframlegget):

1. Plankart
2. Planbeskrivelse (planomtale)
3. Planbestemmelser (planføresegner)
4. Konsekvensutgreiing
5. Merknadsskjema
6. ROS analyse
7. Trafikkanalyse
8. Rapport geoteknikk
9. Notat forurensa grunn
10. Notat OVA (Overflatevatn og vatn)
11. Rapport støy
12. ROS for hydrogenproduksjon QRA

Prosess i saken så langt, oppsummert:

- 08.02.2023 Dovre kommune mottok planinitiativ fra regulanten.
- 13.03.2023 Oppstartsmøte.
- 31.03.2023 Varsel om oppstart.
- 12.04.2023 Saken blir teke opp i Regionalt planforum (Innlandet f.k. sitt planforum)
- 14.04.2023 Miljødirektoratet gjev tilbakemelding om at det må utarbeidast planprogram.
- 01.05.2023 Frist for å kome med merknader til planoppstart.
- 30.05.2023 Norwegian Hydrogen orienterer PNU utvalet om planane.
- 14.06.2023 Forslag til planprogram sendt på høyring.
- 25.08.2023 Frist for å kome med merknader til forslag til planprogram.
- 12.09.2023 Planprogrammet vedtatt i PNU utvalet i kommunen.
- 05.04.2024 Kommunen mottok planforslag fra regulanten.
- 16.04.2024 Planforslag - Regulanten held orienteringsmøte for administrasjonen.
- 29.04.2024 Planforslag - Norwegian Hydrogen orienterer PNU utvalet.
- 04.06.2024 Planforslag - Fyrste gongs behandling i PNU utvalet

Vurdering:

Regulanten har lagt fram eit komplett planmateriale, som oppfyller krav sett til dette planarbeidet gjennom m.a. aktuelle lovverk, forskrifter, retningslinjer og innspel. Rådmannen vurderer materialet til å i det store og heile å vera solid og grundig, men ser likevel enkelte svakheiter som er gjort greie for i det påfølgande framlegget.

Lokalisering og KU

Dovre kommune bad regulanten i oppstartsmøte om å i planforslaget vurdere alternative plasseringar til hydrogen fyllestasjon- og produksjonsanlegg, som tillegg til lokalitet som er utgreia. Regulanten har valgt å kun utgreie eitt alternativ, på tomt i Dombås med gnr. 8/ bnr. 53. Rådmannen meiner dette er ein svakheit ved planforslaget. Dette særleg med tanke på innspel til oppstart gjeve av Luftfartilsynet og Norsk Luftambulans, men og med tanke på at industriføremålet er i strid med overordna arealplan og gjeldande reguleringsplan for området. Planområdet er lokalisert ved innkøyring til bygdeseiteret Dombås og ligg i visuell samanheng med Dombåshaugen, som er eit viktig og særlege kulturlandskap på tettstaden.

Overordna planar og føringar

Forslag til planføremål *industri* er ikkje i samsvar med overordna planer; kommunedelplan for Dombås (2009) og kommuneplanens arealdel (2019) og kjem i strid både med planføremål og føresegner. Areal avsett til erverv - bensinstasjon og offentlege bygg i kommunedelplanen, er i planforslaget foreslått regulert til forretning/ kontor og forretning/industri, samt veganlegg. I tillegg kjem hensynssone brann- /eksplosjonsfare. Sjå saksvedlegg *Planbeskrivelse* for vidare omtale av dette.

Rådmannen meiner politikarane i Dovre bør tenke nøye igjennom om ein bør legge til rette for industriføremål og aktivitet som kan utgjere ein viss fare på ei forholdsvis sentral sentrumstomt, og som nabo til bustadområde, Norsk Luftambulans og hovudferdselsåra E6, når dette er i strid med overordna føringar til kommunen.

Planbeskrivelse (planomtale), plankart og planføresegner

Rådmannen meiner det førelagde planmaterialet held eit forholdsvis høgt nivå, med mange gode kvalitetar og utgreiingar, men at planmaterialet også har enkelte klare manglar. I planomtalen er det gjeve greie for bakgrunn, plankrav, planprosess (gjennomført og planlagt), planstatus og rammer, omtale av planområdet og eksisterande tilhøve (plassering/planavgrensing, dagens arealbruk, landskapsanalyse/kulturminner og – miljø, naturverdiar/-ressursar, trafikktilhøve, barns interesser, friluftsliv, teknisk infrastruktur, støy og grunnforhold) , omtale av planforslaget, verknader av planforslaget på eksisterande verdiar og forhold, konsekvensar og avsluttande merknad.

Rådmannen meiner at **landskapsanalysa**, som er del av konsekvensutgreiinga, burde vore meir inngåande. Planområdet er plassert slik at det er i siktaksar mellom tilkomst til Dombås frå E6 og Dombåshaugen, med m.a. Dombås hotell, Domaas garden og kulturlandskapet rundt og på Dombåshaugen. Dette er verdiar som er høgt verdsett av kommunen, m.a. i gjeldande kommuneplan/kommunedelplan og kulturminneplan for Dovre som framleis ikkje er vedteke, men der gjennomarbeidde og konkluderte vurderingar er formidla til regulanten. Regulanten har vurdert siktline frå E6 mot Dombåshaugen, men ikkje sikt frå Dombåshaugen mot planområdet. Det er svært truleg at produksjonsområdet vil bli eit markant element i landskapet, sett frå Dombåshaugen og sørover, inkl. frå hotellet. Betongvegger kring containere som utgjør produksjonsanlegg og lagring av hydrogen, er planlagde som svært høge, om lag 4 meter. Det er i tillegg sagt at det vil vera nødvendig å ta ned ein del av eks. kantvegetasjon langs Blæstervegen, m.a. for å sikre siktaksar i inn- og utkøyring, og vegetasjon i dagens grøntbelte mot Norsk Luftambulans sin base. Det vil vera nødvendig å planere ein del av dette grøntbeltet, for å få tilstrekkeleg areal til oppstilling av

produksjonsanlegg, lagring og konstruksjonar. Rådmannen meiner at regulanten bør undersøke om det evt. finnast avbøtande tiltak som kan fungere godt i forhold til å dempe uheldige visuelle verknader. Dette kan t.d. vera planting av mindre skogholt eller kraftige trerekker inn mot veggene og langs flater, fargesetting av veggene, m.m. Rådmannen meiner at politikarane i denne omgang likevel bør vurdere om produksjonsanlegget med betongvegger er ønskeleg bruk av tomta.

Det er i planforslaget lagt opp til at ein kan sette opp bygg med inn til 8 meters gesimshøgde og inn til 9 meters mønehøgde, innan areal foreslått avsett til forretning/kontor og areal foreslått til forretning/ industri. Dette er bygg som vil kunne vera to- tre etasjar og som vil kunne bli svært ruvande i landskapet. Rådmannen meiner politikarane bør vurdere om ei slik høgde på bygg er tilrådeleg på denne tomta, eller om ein bør redusere maksimale høgder til to etasjes bygg.

Forhold knytt til **mjuke trafikantar, trafikksikkerheit og trivsel**, er etter rådmannens vurdering lite og mangelfullt omtalt i trafikkanalyse, planbeskrivelse og konsekvensutgreiing og kjem heller ikkje klart fram av forslag til plankart og -bestemmelser. Dette gjeld opphald på og bruk av området for fyllestasjon og brukarar av eks. og evt. framtidig forretningsdrift og serviceanlegg, samt gangtrafikk til og frå nærliggande servicefunksjonar som daglegvarehandel og serveringsstader. Trafikkanalysen konstaterer at; *nærområdet i liten grad er utformet for myke trafikantar*. I trafikkanalysa blir det også sagt at; *det har vært lite ulykker i områder*, og risiko for ulykker er dermed vurdert til å vera liten. I planmaterialet er det ikkje gjort vurderingar omkring at området i dag i svært liten grad er brukt og at gang- og sykkelveggar som er regulert til området ikkje er opparbeidd. Manglande bruk og mangelfull infrastruktur for mjuke trafikantar i dag, blir brukt som argument for at det heller ikkje i denne planen er nødvendig å legge til rette for mjuke trafikantar. Dette standpunktet er ikkje i harmoni med overordna nasjonale og regionale føringar, og heller ikkje i tråd med overordna arealplanar i kommunen. Regulanten har ikkje gjort vurderingar omkring gangliner eller opphaldsareal i planområdet og følgjeleg heller ikkje korleis planområdet skal bli knytt til omkringliggende infrastruktur for mjuke trafikantar og servicefunksjonar det vil vera naturleg å oppsøke frå ladestasjonen. Det er i planbestemmelsane kun sett eit generelt krav til universell utforming. Det kjem ikkje klart fram av planmaterialet at Blæstervegen er skuleveg og blir brukt av både gåande og syklande til og frå skule og sentrum av Dombås.

Kommuneplanens arealdel (vedtatt 2019) seier m.a. følgande:

2.6 Offentlig og privat tjenesteyting (PBL §11-7 nr1):

Retningslinjer for utforming av reguleringsplan offentlig og privat tjenesteyting:

- Arealer skal reguleres slik at vegutbygging, tomteplassering og bygninger på tomtene blir godt tilpasset terrenget. Det skal legges særskilt vekt på at gang- og kjøreveger utformes slik at de sikrer naturlig og sikker ferdsel intern/eksternt og til offentlig kommunikasjon.
- Det skal legges vekt på universell utforming i hele området.
- Det skal innarbeides krav til tiltak mot radonstråling i reguleringsbestemmelsene, jf. § 13-5 i Byggeteknisk forskrift av 05.05.2010.
- Det skal innarbeides i plan, hensyn til barn og unges oppvekstsvilkår og estetisk utforming jf. pbl §1-1, 5. ledd og 11-9 nr. 5.

Rådmannen meiner at det må settast av separate liner/ soner for mjuke trafikantar i form av areal for opphald som del av grønstruktur på fyllestasjonen, fortau, gang- og sykkelveg og gode krysningspunkt av Blæstervegen. Dette må kome fram av plankartet og i føresegner, inkludert i rekkefølgekrav. Infrastrukturen for mjuke trafikantar må vera på plass før fyllestasjonen kan bli teke i bruk.

Det er gjennom planmaterialet stilt få krav til **estetikk** knytt til utomhusanlegg. Det er kun sett krav til at areal planlagt avsett til *grønstruktur* (GN) og til *anna veggrunn grøntareal* (AVG), skal brukast til handtering av overflatevatn. Regulanten har ikkje lagt inn krav til estetiske sider ved grønstruktur og opphaldareal/-soner. Anlegget vil med stor sansynlegheit kunne bli dominert av harde og grå flater

og tekniske anlegg og installasjonar. Rådmannen meiner manglande fokus og krav knytt til estetiske verdiar er ein klar svakheit ved planforslaget og vurderer at anlegget slik i liten grad vil bidra positivt til opplevinga og det heilheitlege inntrykket av tettstaden Dombås.

Det er lagt inn forslag til hensynssone **bevaring av naturmiljø**, for å ta vare på raudlista art sandbeger. Plankartet viser at lokaliteten vil bli isolert frå anna grønstruktur og vera eit lite "frimerke" på ei grå bruksflate/ industriområde. Rådmannen vurderer at det er svært lite sannsynleg at arten vil overleve i ein slik situasjon. Ein er forplikta til å ta omsyn til raudlista artar og ta vare på desse på best mogleg måte.

Regulanten skriv følgande i planbeskrivelsen knytt til **handtering av overflatevatn**, kap. 6.10, side 23:

Overvannshåndtering prosjekteres etter tre-trinnstrategien og etter øvrige anbefalinger gitt i OVA- notatet. Overvannshåndtering skal fortrinnsvis løses lokalt fremfor å sendes ut på anlegget.

Rådmannen minner om at det er krav om lokal handtering av overflatevatn i plan- og bygningslova, §28-10, og at det må kome klart fram av planmaterialet korleis dette skal gjerast. Det må m.a. bli sett av tilstrekkeleg areal til dette. Det er i dag ei klar forventning at ein følgjer tre trinns strategien for handtering av overflatevatn, slik det er omtalt i OVA notat som er del av det føreliggande planmaterialet. Bruk av vegetasjon, inkludert tre, er ein naturleg del av slik lokal handtering og strategi.

§ 28-10, *håndtering av overvann*:

Tiltakshaver skal gjennomføre tiltak slik at overvann i størst mulig grad infiltreres eller fordrøyes på eiendommen. Forsvarlig avledning skal sikres og opparbeides så langt det er nødvendig. Første og andre punktum gjelder så langt ikke annet er bestemt i arealplan.

Kommunen kan avslå tiltak som ikke oppfyller kravene i første ledd.

Departementet kan gi forskrift om hva som omfattes av kravene i første ledd, blant annet om hvilke overvannsmengder som skal håndteres.

Kva gjeld **støy**, er det sagt at støy frå E6 vil vera dominant og overdøye støy/ uønskt lyd frå hydrogen produksjonsanlegget. I trafikkanalysa som er del av planmaterialet er det nemnt, men ikkje teke med i sjølve vurderinga/modelleringa så langt rådmannen kan sjå, at støy frå E6 varierer over tid av døgnet og knytt til ulike typer køyrety. Enkelte periodar på døgnet vil det vera betrakteleg mindre støy frå trafikken, enn andre tider av døgnet. Hydrogen produksjonsanlegget vil mest truleg produsere vedvarande og kontinuerleg støy/ uønskt lyd, inkludert natterstid, og også truleg med ein frekvens som er av anna karakter enn det lyd frå køyrety har. Det er utarbeidd eigen støyrapport (vedlagt), men det kjem ikkje fram på ein "folkeleg" og lett forståeleg måte om dette er vurdert og kva konsekvensar dette evt. kan gje. Oppsummering av funn i analyse av kjelder og vurdering av verknader av støy i støyrapporten er kortfatta, og rådmannen meiner denne er for lite opplysende, forklarande og nyansert. Det blir oppgjeve at ein har tatt utgangspunkt i vanleg støynivå frå industri, men det kjem i støyvurderinga ikkje klart fram om det er teke utgangspunkt i forventa støy frå dette hydrogen produksjonsanlegget konkret. Rådmannen kan heller ikkje sjå at det er gjort vurderingar rundt store køyrety som skal ut og inn av fylleområdet, med akselerasjon og nedbremsing på E6 knytt til dette. Fordi støyrapporten er svært prega av komplisert fagspråk og fagkunnskap og er lite tilgjengeleg-gjort, meiner rådmannen det vil vera utfordrande for politikarane i Dovre å ta avgjere knytt til denne støyrapporten og omtale av støyvurderinga ellers i det føreliggande planmaterialet. Oppsummering i støyrapporten er som følger:

Støyen i området domineres kraftig av veitrafikkstøy fra E6. Det har ikke blitt avdekket overskridelser i området som følge av hydrogenfyllestasjonen, med unntak av et punkt på

østlig fasade av luftambulansen der Lnatt kan øke fra 46 til 47 dBA etter at hydrogenfyllestasjonen har blitt startet opp. Se Tabell 4-1 for detaljer.

Tema **næringsliv og sysselsetting** er kort og noko uklart omtalt. Rådmannen tolkar omtalen som at anlegget truleg ikkje vil gje lokale og permanente arbeidsplassar. Frå planbeskrivelsen, kap. 6.9, side 22:

6.9 Næringsliv og sysselsetting

Selve anlegget er ubetjent, og vil genere behov for tilsyn fra driftspersonell. I byggefase vil det vektlegges valg av lokale entreprenører, samme for drift av anlegget.

Plankart og – bestemmelser legg til rette for bruk av deler av planområdet til **industriføremål**. Fjellnett har gjeve tilbakemelding på at det ikkje er mogleg å levere nødvendig kraft til produksjonsanlegg for hydrogen pr dags dato. Etablering av industri i form av produksjonsanlegg for hydrogen ligg dermed noko fram i tid. I påvente av etablering av eit hydrogen produksjonsanlegg kan ein sjå for seg at det kan kome ønske om å nytte området til anna type industri, som plankart og – bestemmelser vil gje rammer for, dvs. verksemd innan industriføremålet og *anlegg for produksjon, lagring og distribusjon av drivstoff* (planbestemmelsane §4). Dette er også nemnt som del av planbeskrivelsen (side 17-18), der det blir sagt følgende:

Planforslaget er tilrettelagt til hydrogenproduksjon- og fyllstasjon, men er formet slik at en evt. annen energistasjon-aktør kan etablere seg på samme reguleringsplan. Det tillates lagerbygg og øvrig industri innenfor området, med tilhørende nødvendig anlegg og infrastruktur, herunder trafostasjon. BYA er satt til 60 % for arealformålet.

Rådmannen meiner politikarane i Dovre bør vurdere og ta stilling til om arealet der det er tenkt produksjonsanlegg/industriføremål bør bli regulert i denne omgang, eller om det er hensiktsmessig å avvente ein planprosess omkring dette til det er klart om det vil vera mogleg å levere tilstrekkeleg kraft til det ynskta hydrogen produksjonsanlegget. Rådmannen meiner at politikarane også bør vurdere å ikkje opne for industriføremål i planområdet.

Frå forslag til planbestemmelsar, §4 og §4.1:

Bebyggelse og anlegg (Pbl. § 12-7)

4 Forretning/industri F/I

Området V/I skal benyttes til forretning, industri og lager med tilhørende funksjoner og anlegg. Innenfor formålet kan det etableres anlegg for produksjon, lagring og distribusjon av drivstoff.


4.1 Utnyttingsgrad, utforming, høyde Maksimal utnyttingsgrad skal ikke overstige 60 % BYA. Høyde skal ikke overstige 8,0 m gesimshøyde og 9,0 m mønehøyde. Tanker, piper og tårn kan ha høyde på inntil 3,0 m over tillat mønehøyde.

ROS og Kvantitativ risikoanalyse (QRA)

Forhold knytt til brann- og eksplosjonsfare og andre uønskta hendingar, er omtalt og vurdert i ROS analyse, kvantitativ risikoanalyse (QRA) og vidare i konsekvensanalyse (KU). Regulanten har vurdert at anlegget er under storulykkenivå, slik Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) definerer det og at det planlagde anlegget er basert på kjent teknologi. ROS analysa som er gjennomført er bygd på forskrift om handtering av farleg stoff der DSB er tilsynsmyndighet.

Oppsummering i ROS analysa og QRA, konklusjonen til regulanten, viser at det vil vera risiko for alvorlege hendingar knytt til det planlagde anlegget, og kanskje særleg knytt til produksjonsdelen av anlegget. Det er til ein viss grad mogleg å prosjektere og bygge seg ut av denne faren, men det er likevel knytt ein viss restrisiko til hydrogen fyllstasjonen og produksjonsanlegget. Regulanten meiner denne restrisikoen er handterbar og akseptabel, inkludert restrisiko som kan gje negativ påverking til naboar Norsk Luftambulans Teknologi, E6 og bustader langs E6. Handtering av hydrogen og hendingar knytt til hydrogen er i dag ukjent for dei lokale beredskapsmyndigheitene. Regulanten vurderer at den planlagde utviding av Forsvaret sitt engasjement på Dombås vil auke faren noko for sabotasje/planlagde handlingar/cyberangrep til det planlagde produksjonsanlegget og fyllstasjonen.

Under er vist ei grafisk framstilling av innhaldet i ei risiko- og sårbarheitsvurdering. Sløyfediagrammet viser samanheng mellom årsak, påverknad og effekt for ei uønskt hending, samt korleis ein kan redusere sannsynlegheit for at ei hending skal skje og konsekvensen om hendinga skjer, gjennom ulike tiltak / barrierar.



Figur viser såkalla sløyfediagram - metode for ROS analyse. Klipp frå planmaterialet, rapport ROS analyse, side 7.

Følgande er samandrag i ROS analysa:

I sum viser ROS-analysen at kartlagt risiko for de vurderte hendelsene er akseptabel eller tolerabel for alle hendelser. Ingen hendelser er vurdert til å ha uakseptabel risiko (rød risiko) etter implementering av risikoreducerende eller prosjekterte tiltak. Videre er det åtte hendelser som er vurdert å ha en tolerabel risiko (markert med gul), hvor tiltak skal gjennomføres for å redusere risiko så mye som mulig. 14 hendelser er vurdert til akseptabel som følge av prosjekterte løsninger og etter risikoreducerende tiltak er implementert. For konkrete tiltak vises det til hver enkelt hendelse i kapittel 4.

Det presiseres at analysen viser akseptabel risiko for Norsk luftambulans, E6 og støy som følge av tiltaket, på bakgrunn av vurderingene i gjennomførte utredninger for støy og kvantitativ risikoanalyse2. Videre viser analyse av påvirkning på lokal beredskapsmyndighet og vilde handlinger tolerabel risiko.

ANBEFALINGER

På bakgrunn av risikobildet identifisert ovenfor, har HRP følgende anbefalinger:

- *Det skal gjennomføres tiltak for hendelser med rød risiko*
- *Det anbefales at de identifiserte tiltakene for hendelser med gul risiko iverksettes*
- *Det anbefales at det etterstrebes å redusere risikoen ytterligere for hendelser med grønn risiko etter tiltak*
- *Det anbefales at hendelser knyttet til natur og miljø vurderes videre i konsekvensutredning.*


- Det anbefales fortsatt samhandling med lokalt brannvesen og tiltakshaver for å avdekke restrisiko mellom anleggets egenberedskap og brannvesenets beredskap, samt for å tilstrebe å holde risiko på tolerabelt nivå.

QRA analysa tek for seg hendingar som kan skje innanfor anlegget og som kan ramme tredje part. Fyrste part/person er personar direkte involvert i drift av anlegget, medan andre part/person er personar som på anna vis er knytt til eller nyter godt av anlegget. Tredje part/person er personar som er indirekte påverka av anlegget, som naboar eller forbipasserande, i dette tilfellet også luftambulansen. Denne analysa har sett på eit tidleg design av anlegget og basert på resultat er det foreslått tiltak for å dempe effektar og konsekvensar, som betongvegger rundt anlegget. Endeleg vurdering og risikokontor legg til grunn at desse betongveggane er etablert. QRA-en inkluderer ikkje vurdering av transport av hydrogen til og frå anlegget. Risikokonturar for anlegget er av regulanten berekna til å bli som følger:

Resulterende risikokonturer for Dombås hydrogenproduksjon og – fyllestasjon er vist i Figur 1-1/Figur 8-1. Risikokonturene tar hensyn til planlagte betongvegger rundt anlegget for å beskytte 3. part:

- vegg mot E6 (mot øst)
- vegg mot sør (mot Norsk Luftambulans)
- vegger på øst- og vestsida av transportkteinere

Innflygingsone for helikopter (Norsk Luftambulans) er vist som skravert felt på figuren.



Figur 1-1 Risikokonturer for Dombås hydrogenproduksjon og – fyllestasjon. Risikokonturene tar hensyn til planlagte betongvegger rundt anlegget.

Tabell 3-2 Beskrivelse av hensynssoner (Ref. 6).

Sone	Hensynssonene for Farlig stoff-anlegg går ut:	Bestemmelser for hensynssonene (objekter og aktiviteter akseptert i sonen)
Indre sone	Til risikokontur 10^{-5}	Dette er i utgangspunktet virksomhetens eget område. I tillegg kan for eksempel LNF-område inngå i indre sone. Kun kortvarig forbi-passering for tredjeperson (turveier etc.).
Midtre sone	Til risikokontur 10^{-6}	Offentlig vei, jernbane, kai og lignende. Faste arbeidsplasser innen industri- og kontorvirksomhet kan også ligge her. I denne sonen skal det ikke være overnatting eller boliger. Spredt boligbebyggelse kan aksepteres i enkelte tilfeller.
Ytre sone	Til risikokontur 10^{-7}	Områder regulert for boligformål og annen bruk av den allmenne befolkningen kan inngå i ytre sone, herunder butikker og mindre overnattingssteder.
Utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	Skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesenter, hoteller eller store publikumsarenaer må plasseres utenfor ytre sone.

Kapasitet til produksjonsanlegget

Inn til produksjonsanlegget er i gang, må all hydrogen til anlegget bli frakta til fyllestasjonen. Hydrogen vil bli frakta med større køyrety, og med avkøyring frå E6 og Blæstervegen.

Også etter at planlagde produksjonsanlegg er sett i drift, vil det etter planen vera nødvendig å frakte hydrogen til anlegget frå anna produksjonsanlegg. Det er planlagt ein produksjon på opp til 1,3 tonn hydrogen i døgnet og lagring av opp til 4 tonn hydrogen på området. Fyllestasjonen blir planlagt med ein kapasitet på leveranse av opp til 2 tonn hydrogen i døgnet, med moglegheit til å utvide dette på sikt til opp til 4 tonn hydrogen i døgnet.

Rådmannen si samla vurdering

Rådmannen vurderer at det føreliggande planmaterialet er solid, men har klare svakheiter knytt til vurdering av planlagt tiltak og mogleg påverking på landskapskvalitetar, landskapsbildet, grønstruktur og estetikk, og vidare at det er manglar knytt til vurdering og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Kva gjeld støvvurdering er denne framstilt slik at den i for liten grad er forståeleg og tydeleg for administrasjonen og dei folkevalde i Dovre, som skal ta stilling til planmaterialet.

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet kan, med heimel i plan- og bygningslova § 12-11, vedta å ikkje sende planforslaget ut på høyring, dersom utvalet kjem fram til at det aktuelle området ikkje er egna til produksjon av hydrogen og hydrogen fyllestasjon primært for store køyrety.

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet kan, med heimel i plan- og bygningslova § 12-11, vedta å fremje alternative forslag til regulering av arealet.

Etter vurdering som gjort greie for i dette saksframlegget, vel rådmannen å tilrå at det tilsendte planmaterialet blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, utan forslag til endringar i plankart eller reguleringsføresegner.

Med bakgrunn i vurderingane tilrår rådmannen i tillegg at det blir sendt på høyring eit alternativt forslag til regulering av arealet, utan industriføremål og føljeleg utan tilrettelegging for

produksjonsanlegg for hydrogen, og som inkluderer føremål grønnstruktur mot nabo i sør, slik som det er avgrensa i felt F5 i gjeldande kommunedelplan for Dombås (2009), samt at areal avsett til erverv og til offentlig føremål i kommunedelplanen blir regulert til kombinert føremål forretning/kontor (sosi 1810), til kombinert føremål vegserviceanlegg/forretning (sosi 1800) og til samferdselsanlegg (veg (sosi 2010), fortau /torg (sosi 2012/2013), gang- og sykkelveg (sosi 2015), anna veggrunn – grøntareal (sosi 2019)) . I tillegg visast hensynssoner; frisiktsone, bevaring naturmiljø og brann-/eksplosjonsfare.

Rådmannen si innstilling:

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet vedtek:

1. Med heimel i plan- og bygningslova §5-2, §§12-10 og -11, samt delegeringsreglementet i Dovre kommune, blir forslag til *detaljreguleringsplan for NH2 Dombås*, hydrogen fyllstasjon og produksjonsanlegg på gnr. 8/bnr. 53, plan-ID , sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.
2. Med heimel i plan- og bygningslova §12-11, ynskjer Dovre kommune også å høyre på alternativ til planforslag innsendt av regulanten, med endringar i plankart og føresegner som vist i kulepunkt under. Om politikarane i Dovre i 2.gongshandsaming går inn for å ta ut industriføremålet frå planen, som foreslått i dette alternativet, blir planen sendt tilbake til regulanten for revisjon av plankart, føresegner og øvrige plandokument, og saken vil på nytt bli sendt ut på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.
 - Industriføremålet blir tatt ut av planen, og areal for bebyggelse og anlegg (PBL §12-5, nr 1) blir regulert til kombinert føremål forretning/ kontor (sosi 1810), samt kombinert føremål vegserviceanlegg/forretning (sosi 1800), der fyllstasjon for hydrogen inngår.
 - Areal med føremål grønnstruktur i planforslaget, mot nabo i sør, blir avgrensa som område F5 i gjeldande kommunedelplan for Dombås (2009).
 - Gang-/sykkelveg, inkludert kryssing av Blæstervegen, blir som minimum vist i plankartet fram til areal avsett til forretning/kontor, og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser, og der etablering av gang-/sykkelvegen blir lagt inn med rekkefølgebestemmelse som følger: Gang- og sykkelveg fram til område avsett til forretning/kontor skal være ferdig etablert før vegserviceanlegget kan tas i bruk.
 - Fortau og opphaldsareal for mjuke trafikantar internt i planområdet blir vist i plankartet som eigne føremål; fortau /torg (sosi 2012/2013), gang- og sykkelveg (sosi 2015), anna veggrunn – grøntareal (sosi 2019), og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser, og der etablering av fortau/torg blir lagt inn i rekkefølgebestemmelser som følger: Fortau /torg internt i område skal være ferdig etablert før vegserviceanlegget kan tas i bruk.
 - Veg og avkøyringar blir regulert med føremål samferdsel og veg (sosi 2010) eller køyreveg (sosi 2011) og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser.
 - I plankartet visast i tillegg justerte hensynssoner; frisiktsone, bevaring naturmiljø og brann-/eksplosjonsfare.
 - Føresegner som gjeld byggehøgder i føreliggande planbestemmelser er som følger: §4.1: Høyde skal ikke overstige 8,0 m gesimshøyde og 9,0 m mønehøyde. Tanker, piper og tårn kan ha høyde på inntil 3,0 m over tillat mønehøyde. Vidare under §5.1: Høyde skal ikke overstige 8 m gesimshøyde og 9 m mønehøyde. Både §4.1 og §5.1 blir endra til Høyde skal ikke overstige 6 m gesimshøyde og 7 m mønehøyde. Eventuelle piper kan ha høyde på inn til 1,5 meter over tillatt mønehøyde.

Plan-, nærings- og utviklingsutvalgets behandling av sak 25/2024 i møte den 04.06.2024:

Behandling

- Sekretær orienterte om brev fra HRP v./Åshild Lie, på vegne av forslagsstillere Norwegian Hydrogen AS og Vireon AS.
- Sekretær og saksbehandler orienterte om saken, vurderinger og innstillingen fra administrasjonen.

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet vedtek:

1. Med heimel i plan- og bygningslova §5-2, §§12-10 og -11, samt delegeringsreglementet i Dovre kommune, blir forslag til detaljreguleringsplan for NH2 Dombås, hydrogen fyllestasjon og produksjonsanlegg på gnr. 8/bnr. 53, plan-ID , sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.
 2. Med heimel i plan- og bygningslova §12-11, ynskjer Dovre kommune også å høyre på alternativ til planforslag innsendt av regulanten, med endringar i plankart og føresegner som vist i kulepunkt under. Om politikarane i Dovre i 2.gongshandsaming går inn for å ta ut industriføremålet frå planen, som foreslått i dette alternativet, blir planen sendt tilbake til regulanten for revisjon av plankart, føresegner og øvrige plandokument, og saken vil på nytt bli sendt ut på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.
- Industriføremålet blir tatt ut av planen, og areal for bebyggelse og anlegg (PBL §12-5, nr 1) blir regulert til kombinert føremål forretning/ kontor (sosi 1810), samt kombinert føremål vegserviceanlegg/forretning (sosi 1800), der fyllestasjon for hydrogen inngår.
 - Areal med føremål grønnstruktur i planforslaget, mot nabo i sør, blir avgrensa som område F5 i gjeldande kommunedelplan for Dombås (2009).
 - Gang-/sykkelveg, inkludert kryssing av Blæstervegen, blir som minimum vist i plankartet fram til areal avsett til forretning/kontor, og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser, og der etablering av gang-/sykkelvegen blir lagt inn med rekkefølgebestemmelse som følger: Gang- og sykkelveg fram til område avsett til forretning/kontor skal være ferdig etablert før vegserviceanlegget kan tas i bruk.
 - Fortau og opphaldsareal for mjuke trafikantar internt i planområdet blir vist i plankartet som eigne føremål; fortau /torg (sosi 2012/2013), gang- og sykkelveg (sosi 2015), anna veggrunn – grøntareal (sosi 2019), og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser, og der etablering av fortau/torg blir lagt inn i rekkefølgebestemmelser som følger: Fortau /torg internt i område skal være ferdig etablert før vegserviceanlegget kan tas i bruk.

- Veg og avkøyringar blir regulert med føremål samferdsel og veg (sosi 2010) eller køyreveg (sosi 2011) og med tilhøyrande føresegner/ bestemmelser.
- I plankartet visast i tillegg justerte hensynssoner; frisiktsone, bevaring naturmiljø og brann-/eksplosjonsfare.
- Føresegner som gjeld byggehøgder i føreliggande planbestemmelser er som følger: §4.1: Høyde skal ikke overstige 8,0 m gesimshøyde og 9,0 m mønehøyde. Tanker, piper og tårn kan ha høyde på inntil 3,0 m over tillat mønehøyde. Vidare under §5.1: Høyde skal ikke overstige 8 m gesimshøyde og 9 m mønehøyde. Både §4.1 og §5.1 blir endra til Høyde skal ikke overstige 6 m gesimshøyde og 7 m mønehøyde. Eventuelle piper kan ha høyde på inn til 1,5 meter over tillatt mønehøyde.